

FORMANNSKAPET

Møtedato: 15.06.2010

Møtetid:

Kl. 14:00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saknr.:

068/10 - 095/10

Følgjande medl. møte	Parti	Følgjande varamedl. møte	Parti
Helge Andre Njåstad (Ordførar)	FrP	Olav Njåstad	FrP
Edvard J. Stangeland (Varaordførar)	Sp	Ingunn Berge Vik	H
Jostein Blænes	Frp		
Kjetil Østervold	”		
Jane Kirsti Stangeland	Ap		
Christian Halstensen	KrF		
Kurt Frank	H		

Forfall frå følgjande medl.:	Parti	
Renate Møgster Klepsvik	Frp	
Julie Solbakken	H	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø, spesialrådgjevar Steinar Hole og nestl. osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Sak 093 – 095/2010, vedtak i tenesteutvalet sak 020 og 021/2010
Orientering:	Ove Taranger Nesbø frå Energi og strategirådgiver ECgroup AS orienterte om utarbeiding av klima- og energiplan for Austevoll kommune.
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Edvard Johs. Stangeland

Jostein Blænes

Kjetil Østervold

Jane Kirsti Stangeland

Christian Halstensen

Kurt Frank

Olav Njåstad

Ingunn Berge Vik

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
068/10	Godkjenning møtebok frå møte i formannskapet 11.05.2010 og 03.06.2010
069/10	Politisk kvarter
070/10	Referatsaker
071/10	Småtun barnehage og utestående arbeid i samband med helsevernrapport.
072/10	Rapport frå helsevernetaten vedrørende Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune
073/10	Skatteinngongen april/mai 2010
074/10	Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010
075/10	Gebyrregulativfor handsaming av byggesaker m.m. 2010 gjeldande frå 01.07.2010
076/10	Turveg rundt Vinnesvatnet. Søknad om utbygging i kommunal regi.
077/10	Forsøk med røyserverett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret
078/10	Kommunestyre- og fylkestingsval 2011 - valdag
079/10	Søknad om støtte til Operasjon Dagsverk
080/10	Søknad om tilskot til vassløysing på Hevrøy
081/10	Leigeavtale med Horgetun AS - oppseiing av avtale - vurdering av fysioterapitenesta
082/10	Vegvedlikehald kommunale vegar 2010
083/10	Hjorteforvaltninga i Austevoll - reduksjon i minsteareal
084/10	Referansegruppe - ny havne og farvannslov
085/10	Idrettsannlegget på Hundvåkøy - uavklarte forhold
086/10	Vegnamn på Storebø
087/10	Søknad om kjøp av tomt i Rabben bustadfelt
088/10	Vassregion Hordaland - førespurnad om kandidatar til vassregionutvalet.
089/10	Søknad om støtte til utbygging av Lærdomssetet Tormod Torfæus på Leirubakki.
090/10	TV-aksjonen 2010 - Oppmoding om å skipe kommunekomite.
091/10	Kommunane og musea sitt samfunnsoppdrag. Styrking av fellestenestene og kommunal medverknad i Sunnhordland
092/10	Musikkbinge på Storebø. Plassering og grunnarbeider før montering.
093/10	Austevoll kommune sitt rekneskap for 2009
094/10	Austevoll kommune Årsmelding for 2009
095/10	Storebø pleie- og omsorgsenter - kostnadsoverslag og finansieringsplan m.m.

068/10: Godkjenning møtebok frå møte i formannskapet 11.05.2010 og 03.06.2010

Vedtak:

Møtebøkene frå møte i formannskapet 11. mai 2010 og tlf.møte 3. juni 2010 vert godkjent slik dei ligg føre.

069/10: Politisk kvarter

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Kvifor er det ikkje ein sentral budsjettpost på kostnadane ved kommunen sine seniortiltak.

Svar frå rådmannen:

Vi har ikkje desse utgiftene på ein felles post på sentraladministrasjonen. Dette håper vi å få på plass i budsjett 2011, ein føresetnad er at vi får full oversikt over kor mange dette gjelder. I budsjett 2010 har vi lønsglidinga på ein sentral post.

Spørsmål frå Jostein Blænes:

Henvendelse frå busette på Lunnøy. Den lokale rutebåten sløyfer ein del stopp på Lundøy. Ønskje om at båten har same stopp som andre øyer i ytre lei.

Svar frå ordføraren:

Skal sjekke med fylkeskommunen kvifor dette skjer og om det kan ordnast.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

070/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

071/10: Småtun barnehage og utestående arbeid i samband med helsevernrapport.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å utsetje handsaminga av utestående forhold i Småtun barnehage som synt i helsevernrapporten. Saka vert utsett fordi private aktørar har søkt om å få ta over Småtun barnehage. Kommunestyret ber om å få sak til politisk handsaming seinast i oktober.

072/10: Rapport frå helsevernetaten vedrørende Storebø skule og Nordstrandbygget, og skulestruktur i Austevoll kommune

Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei arbeidsgruppe som lagar sak på skulestruktur til politisk handsaming i oktober, arbeidsgruppas samansetning:
 - 2 – 3 politikarar
 - Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen.
2. Kommunestyret vedtek at det blir arbeida vidare med kartlegging av kostnader i samband

073/10: Skatteinngongen april/mai 2010

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

074/10: Nytt Økonomi- og Finansreglement for Austevoll kommune 2010

Vedtak:

1. Økonomi- Finansreglementet for Austevoll kommune vert endra i tråd med ny finansforskrift.
2. Kommunestyret vedtek nytt Økonomi.- og Finansreglement slik det går fram av vedlegg 1.
3. Det nye Økonomi- og Finansreglementet har verknad frå 01.07.2010

075/10: Gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010 gjeldande frå 01.07.2010

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1, godkjenner Austevoll kommunestyre gebyrregulativ for handsaming av byggesaker m.m. 2010, jf vedlagt forslag datert 27.05.2010.

Gebyrregulativet vert gjort gjeldande frå 01.07.2010.

076/10: Turveg rundt Vinnesvatnet. Søknad om utbygging i kommunal regi.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner prinsipp om OPS-prosjekt for turveg rundt Vinnesvatnet. Rådmannen vert beden om å inngå avtaler med meir etter mal frå andre OPS-prosjekt.

077/10: Forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at følgjande vert valt til prosjektgruppe i samband med forsøk med røysterett for ungdom som fyller 16 eller 17 år i valåret
2. Austevoll formannskap bed om å få framlagt for godkjenning kostnadsoverslag over tiltak som ikkje vert dekkja av tilskotet frå Kommunaldepartementet.
3. Kostnader med forsøksprosjektet for 2011 må innarbeidast i budsjettet for 2011.

078/10: Kommunestyre- og fylkestingsval 2011 - valdag

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at det i Austevoll kommune vert helde kommunestyre- og fylkestingsval måndag 12. september 2011.

079/10: Søknad om støtte til Operasjon Dagsverk

Vedtak:

Austevoll formannskap vedtek at søknaden frå Operasjon Dagsverk i Hordaland om økonomisk støtte ikkje kan imøtekomast.

080/10: Søknad om tilskot til vassløysing på Hevrøy**Vedtak:**

Austevoll formannskap vedtek at søknaden frå Hevrøy Vel om økonomisk tilskot til vassløysing på Hevrøy ikkje kan imøtekomast.

081/10: Leigeavtale med Horgetun AS - oppseiing av avtale - vurdering av fysioterapitenesta

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Edvard Johannes Stangeland:

Saka vert utsett.

Det vart røysta over framlegget frå Edvard Johannes Stangeland som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Saka vert utsett.

082/10: Vegvedlikehald kommunale vegar 2010**Vedtak:**

Formannskapet vedtek å bruke kr 400.000 til styrking av vintervedlikehald. Midlane vert teke frå reserveposten.

083/10: Hjorteforvaltninga i Austevoll - reduksjon i minsteareal**Vedtak:**

Austevoll kommune vedtek å endra minstearealet for hjortejakt til 500 dekar.

Austevoll kommune godkjenner føresegna og legg føresegna ut til høyring.

084/10: Referansegruppe - ny havne og farvannslov

Handsaming i møtet:

Austevoll formannskap ber næringsrådet oppnemna representanter til referansegruppa for ny havne og farvannslov.

Vedtak:

Austevoll formannskap ber næringsrådet oppnemna representanter til referansegruppa for ny havne og farvannslov.

085/10: Idrettsanlegget på Hundvåkøy - uavklarte forhold

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Kjetil Østervold:

Austevoll formannskap ser ikkje dette som noko som naturleg høyrer inn under "krisepotten".

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll formannskap ser ikkje dette som noko som naturleg høyrer inn under "krisepotten".

086/10: Vegnamn på Storebø**Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre takker Storebø Vel for det arbeidet dei har gjort med å koma med framlegg til vegnamn på Storebø.
2. Austevoll kommunestyre sender saka om vegnamn ut på høyring.
3. Austevoll kommunestyre vil koma attende til spørsmålet om løyving til føremålet under budsjettføreavinga for 2011.

087/10: Søknad om kjøp av tomt i Rabben bustadfelt**Vedtak:**

Austevoll kommune tilbyr Karen og Egil Kvinge at dei får kjøpa den resterande delen av tomt nr. 11 i Rabben bustadfelt for kr. 40,- pr. kvm. med tillegg av kostnader med oppmåling og tinglysing av målebrev og skøyte.

088/10: Vassregion Hordaland - førespurnad om kandidatar til vassregionutvalet.**Vedtak:**

Austevoll formannskap kjem med framlegg om følgjande kandidatar frå Austevoll kommune til vassregionutvalet:

1. Edvard Johannes Stangeland
2. Jane Stangeland

Austevoll formannskap bed Austevoll Vatn og Avløp BA peika ut kontaktperson.

089/10: Søknad om støtte til utbygging av Lærdomssetet Tormod Torfæus på Leirubakki.**Vedtak:**

Austevoll formannskap vedtek at søknad om støtte til utbygging av Lærdomssetet Tormod Torfæus ikkje kan imøtekomast.

090/10: TV-aksjonen 2010 - Oppmoding om å skipe kommunekomite.**Vedtak:**

Austevoll formannskap blir kommunekomite for TV-aksjonen 2010 med Offentleg servicekontor som sekretariat.

091/10: Kommunane og musea sitt samfunnsoppdrag. Styrking av fellestenestene og kommunal medverknad i Sunnhordland**Vedtak:**

1. Austevoll kommune er i prinsippet positiv til ei medfinansiering av ein ny 100 % stilling ved Sunnhordland Folkemuseum.
2. Austevoll kommune vil rå til ein finansieringsmodell der 50 % av stillinga vert finansiert av Hordaland Fylkeskommune, og 50 % av stillinga vert finansiert gjennom ei lik fordeling mellom Sunnhordlandskommunane.
3. Austevoll kommune vil likevel kunne akseptere ei fordeling av 50 % av kostnaden etter folketalet i Sunnhordlandskommunane, dersom eit fleirtal av Sunnhordlandskommunane

går for det.

4. Det skal vera ei målsetting å innarbeida denne kostnaden gjennom ordinær budsjetthandsaming med verknad frå 2011.

092/10: Musikkbinge på Storebø. Plassering og grunnarbeider før montering.

Vedtak:

Austevoll formannsskap godkjenner rådmannen sitt framlegg til plassering av musikkbingen. Plassering vert like sør for skulen på Storebø der dei gamle sandkassene ligg i dag. Til grunnarbeider med støyping av fundamenter og avretting kan det nyttast inntil kr. 82.000.-. Midlane hentast frå investeringsbudsjettet. Montering vil skje i perioden juni-august 2010.

093/10: Austevoll kommune sitt rekneskap for 2009

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune sitt årsrekneskap for 2009 vert godkjent i samsvar med revisor si melding om godkjenning frå 18.mai 2010.
2. Austevoll kommune vedtek at overskotet på kr. 2.715.594 vert nytta til nedbetaling av oppsamla underskot.
3. Austevoll kommunestyre vedtek at premieavviket for 2009 kr. 2.363.505 skal delast over 15 år.

094/10: Austevoll kommune Årsmelding for 2009

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rådmannen si årsmelding for 2009, og dei årsmeldingane frå avdelingane som følgjer saka, til orientering.

095/10: Storebø pleie- og omsorgsenter - kostnadsoverslag og finansieringsplan m.m.

Vedtak:

1. Austevoll formannskap godkjenner kostnadsoverslag og finansieringsplan som framgår av Saksframlegget, herunder utføring av opsjonane.
2. Austevoll kommune tek mot tilbodet frå Hordaland Bygg og Eiendom AS under føresetnad av naudsynte klårgjeringar i samband med kontraktsinngåing.
3. Austevoll formannskap godkjenner eit låneopptak med ei ramme på inntil 40.000.000,- medrekna byggjelån. Byggjelånet vert konvertert med statstilskot og eit låneopptak på inntil kr. 28.100.000,- med 25 års avdragstid og kvartalsvise avdrag og etterskotsrente. Refusjon meirverdiavgift kan nyttast til nedbetaling av byggjelånet.
4. Formannskapet har i møte 3. juni vedteke at ordførar kan inngå kontrakt Byggjearbeidet kan starte opp så snart fylkesmannen har godkjent låneramma og det ligg føre endeleg tilsegn frå Husbanken om statstilskot, og elles dei naudsynte godkjenningar etter plan- og bygningslov.
5. Formannskapet skal føreta dei naudsynte endringar i budsjett og økonomiplan.

Rett utskrift.

Astrid Norunn Fagerbakke